

Fra: Kjersti Døssland
Sendt: 19.08.2016 13:58:44
Til: ivar.borge@pwc.com
Kopi: Britt Karen Spjeld

Emne: HFK-16-0199 Tildeling av kontrakt

Vedlegg:

Vi viser til konkurransen HFK-16-0199 Moglegheitsstudie Idrettscampus Bergen, og takkar for dykkar tilbod.

Det var to leverandørar som leverte tilbod i denne konkurransen. Tilboda er vurdert etter dei oppgjevne tildelingskriteria i konkurransegrunnlaget, som inneber at kontrakt skal tildelast den som har gjeve det økonomisk mest fordelaktige tilbodet, basert på tildelingskriteria pris (25 %), løysing av oppdraget (25 %) og kompetanse (50 %).

Begge leverandørane har levert solide tilbod, men basert på tildelingskriteria har vi kome til at PwC har levert det beste tilbodet.

PwC har tilbydd lågast timepris. Når det gjeld løysing av oppdraget, har PwC levert eit tilbod som er sprekt utforma med eit tillitvekkjande innhald. PwC har konkretisert ein del relevante spørsmål som gjev oppdragsgjevar tryggleik for at de har sett dykk godt inn i prosjektet, og at de har veldig god forståing for oppdraget.

Begge selskapa har levert tre ressursar til prosjektet. PwC har levert ressursar som brukargruppa oppfattar at har den rette kompetansen til å dra prosjektet i rett retning. Dei tilbydde ressursane har alle strategisk kompetanse, med erfaring frå idrett og helsearbeid, i tillegg til politisk arbeid. PwC tilbyr også eit ekspertteam som kan bidra inn i prosjektet.

PwC har såleis levert det økonomisk mest fordelaktige tilbodet, og vil bli tildelt kontrakten.

Vi gratulerer med tildelinga, og ser fram til eit vidare samarbeid. Vi håpar de har høve til å stille på eit signerings- og oppstartsmøte torsdag 25. august kl. 9.00 – 11.00. Det er fint om de kan melde tilbake til oss kven som stiller frå dykkar side.

Med venleg helsing

Kjersti Døssland
rådgjevar - jurist
Økonomi- og organisasjonsavdelinga | innkjøpsseksjonen

Tlf: 55 23 99 33

www.hordaland.no